



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 27.02.2017  
Vår ref.: 2017/465-5  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.: 201606897-1

## Høyring av melding - kraftverk og flaumsikring i Opo

Viser til dykkar brev dagsett 17.01.2017 om høyring av melding for kraftverk og flaumsikring i Opo og Sandvinvatnet i Odda kommune og tilhøyrande dokument. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka opp mot regionale interesser og som regional styresmakt for kulturminnevern.

### Bakgrunn

Bakgrunn for tiltaket er storflaumen i 2014, som gjorde store materielle skader i Odda og i områda kring Sandvinvatnet. Odda kommune og Sunnhordland kraftlag AS har inngått ein formell samarbeidsavtale som skal sikre eit heilskaplig forslag til flaumsikring. Opovassdraget ligg i eit område der klimaframskrivningane er venta å gje stor auke i flommane mot 2100 og det er derfor naudsynt å gjere sikringstiltak. Sikringa består av ein flaumtunell vest for Odda sentrum og ein terskel i Sandvinvatnet. Som følgje av tiltaket vil ein også bygge eit kraftverk i fjellet, med tilkomst frå Odda sentrum.

### Kulturminne

Dersom tiltaket kjem i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før ein plan vert lagt fram til høyring.

I forslag til konsekvensutgreiingsprogram er det lagt opp til eigne fagutreiingar kor kulturminne og kulturmiljø er eit av tema. I meldinga punkt 10.8 som omhandlar Kulturminne og kulturmiljø står det: «Indre Sørfjord er nasjonal kulturhistorisk samanheng omtalt som eit framstående døme på heilskaplig industrilandskap». Vidare viser ein til at Odda er oppført på den tentative lista til UNESCOs verdensarvliste og Riksantikvarens NB! register. Odda smelteverk som er freda og kulturmiljøet som må takst vare på er også omtalt. Det er viktig at konsekvensutgreiinga også tar for seg dei lokale kulturminna. Vi ber om at Odda kommune sin Kommunedelplan for kulturminner i Odda kommune 2017 – 2022 vert nytta i det vidare arbeidet.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i prosessen når det gjeld omsynet til tema kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiinga.

### Andre regionale interesser

Sentralt i dette prosjektet er flaumvern og det er difor viktig at prosjektet vert vurdert ut i frå eit så godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag om venta klima som mogleg. Nedbørsregimet vil vere avgjerande for lønsemada i prosjektet, risikovurderingar og dimensjonering av anlegg. Bjerkenessenteret i Bergen har i samarbeid med mellom andre Odda kommune etablert satsinga «Hordaflom», som skal gi meir detaljerte

svar på framtidige flaumar gjennom å analysere sedimentprøver fra Sandvinvatnet. Ei konsekvensutgreiing om flaumsikring og kraftverk i Opo må, så langt det er mogleg, bygge på kunnskap frå Hordafloem og anna forsking om emnet.

Opo har, på det planlagde utbyggingsstrekket, vore ei viktig elv for anadrom fisk med både laks og sjøaure. Bestandane av fisk i elva er no svært svekt grunna faktorar utanfor elva. Det er likevel viktig at ein i konsekvensutgreiinga tek omsyn til økosistema i elva og gjer grundige undersøkingar som kan gi svar på korleis ein kan gjere levetilhøva for fisk i elva optimale.

Sølve Sondbo  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Jostein Aksdal  
Endre Sten Nilsen